



**Statens vegvesen**



**SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Ingar Hals / 57655779

Vår referanse:  
19/8925-7

Dykkar referanse:

Vår dato:  
07.06.2019

## **Søknad om fjorddeponi i samband med utbetring av fv. 303 Seimsdalstunnelen i Årdal kommune**

Jf. tidlegare dialog sender vi over ein søknad om fjorddeponi etter reglane i forureiningsforskrifta kapittel 22. Vi viser til vedlagt utfylt søknadsskjema m/vedlegg. For omtale av sjølve tiltaket viser vi til Vedlegg 6, og til våre nettsider;

<https://www.vegvesen.no/Fylkesveg/fv303seimsdalstunnelen> .

I det vidare har vi ei kort omtale av nokre tema og vurderingar vi har gjort ved utarbeiding av søknaden.

### ***Naturmangfaldlova og vassforskrifta***

Naturmangfaldlova (NML) § 6 slår fast ein generell plikt som seier at ein kvar skal vera aktsam og gjere det som er rimeleg for å unngå skade på naturmangfaldet. Plikta til å vise aktsemd vil vera oppfylt dersom verksemda skjer i samsvar med løyve frå offentlege myndigheiter. NML §§ 8 til 12 inneheld fem prinsipp for berekraftig bruk av natur. Etter NML § 7 skal ein legge desse prinsippa til grunn som retningsliner ved avgjerder som gjeld naturmangfaldet, og vurderingane i forhold til lova skal gå fram av omtalen av tiltaket.

### **NML § 8 om kunnskapsgrunnlaget og verknadar av inngrepet**

Det har vore gjort omfattande undersøkingar/kartlegging i samband med utarbeiding av søknaden, jf. vedlagte rapportar frå NIVA og NINA. I tillegg har det vore brukt informasjon frå aktuelle databasar. Vi vurderer at kunnskapsgrunnlaget for området er godt, og at verknadane er gjort greie for i søknaden og vedlegga. Det er ikkje venta at tiltaket skal ha vesentlege varige negative effektar på naturmangfaldet i området.

---

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegene, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegene. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegene på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

### NML § 9 om føre-var-prinsippet

Vi vurderer at kunnskapen om naturen og verknadene er god. Bruk av føre-var-prinsippet er difor ikkje så aktuelt.

### NML § 10 om samla påkjenning

Tiltaket gjeld deponering av reine massar. Det vil bli gjort tiltak slik at dei forureina massane som allereie ligg i fjorden ikkje vert spreidde til nye/mindre forureina område. Område som er viktig for anadrom laskefisk vil bli skåna for deponering. Det er difor ikkje venta at tiltaket vil gje ei større samla påkjenning på miljøet i Årdalsfjorden.

### NML § 11 om kostnader

Kostnadane med tilpassingar, slik at tiltaket gjev minst mogleg skade på naturen, er ein del av vegprosjektet og vert dekkja av tiltakshavar.

### NML § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Det er gjort greie for aktuelle tiltak i søknaden. Desse skal hindre spreieing av sedimenta og øydelegging av funksjonsområde for anadrom laksefisk. Det vert også nytta utstyr ved sprenging for å førebyggje spreieing av plastavfall i fjorden. Vi vil m.a. nytte erfaringar frå E39 Rogfast, sjå Vedlegg 8.

### Vassforskrifta § 12 ny aktivitet eller nye inngrep

Det er ikkje sannsynleg at massedeponeringa vil ha merkbare eller varige negative verknader for den aktuelle vassførekomststa (Årdalsfjorden – indre, 0280021000-1-C), jf. det som er gjort greie for i merknader til naturmangfaldlova over og i søknaden med vedlegg.

Har de spørsmål om denne søknaden så kontakt våre saksbehandlarar:

Eli Mundhjeld, 95429473, [eli.mundhjeld@vegvesen.no](mailto:eli.mundhjeld@vegvesen.no) (om naturfaglege spørsmål)

Jørn Kristian Engebø, 95191891, [jorn.engebo@vegvesen.no](mailto:jorn.engebo@vegvesen.no) (om det anleggsfaglege)

Det er midlar til bygging av dette tiltaket allereie neste år, og utlysing av anbod er planlagt til hausten. I god tid før utlysing må vi ha oversikt over kor overskotsmassar skal deponerast, vi ber derfor om at søknaden blir handsama så raskt som råd. Det er derfor og viktig med avklaring av om deponeringa krev unntak etter §32 i ureiningslova eller ev. andre avklaringar etter anna lovverk.

Vegseksjon Sogn

Med helsing

Jens-Ivar Nilsen

Hals Ingar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Årdal kommune, Statsråd Evensensveg 4, 6885 ÅRDALSTANGEN